Universitetet i Bergen
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Styresak: 100/13

Sak nr.: 2011/11013

Møte: 23.10.2013

OPPRYKK TIL PROFESSOR ETTER KOMPETANSE – SØKNADSRUNDEN 2013 – I FAGOMRÅDET MEDISIN (ALLMENNMEDISIN) - VED INSTITUTT FOR GLOBAL HELSE OG SAMFUNNSMEDISIN – GODKJENNING AV VURDERING FRÅ SAKKUNNIG NEMND

Innan fristen 15.09.2013 søkte førsteamanuensis, **Gunnar Tschudi Bondevik**, Institutt for global helse og samfunnsmedisin (fagområde allmennmedisin), Det medisinsk-odontologiske fakultet, Universitetet i Bergen, om opprykk til professor etter kompetanse.

Gunnar Tschudi Bondevik er vurdert professorkompetent i 2012 i samband med søknad på stilling som professor/førsteamanuensis (20 % - 50 %) i medisin (allmennmedisin) ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin, Det medisinsk-odontologiske fakultet, Universitetet i Bergen. Ettersom han er vurdert professorkompetent i løpet av dei siste seks åra før søknadsfristen kan han søke sin institusjon om opprykk til professor jfr. Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger § 2-1 (13).
Det kan berre søkast om opprykk til professor innan det fag søkjaren er tilsett, jf. Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger § 2-1 (2). Institutt for global helse og samfunnsmedisin har stadfesta at bedømminga er innan fagfeltet til søkjaren, einstemmig og utan tvil.

Forslag til vedtak

1. Styret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet, Universitetet i Bergen, godkjenner at førsteamanuensis **Gunnar Tschudi Bondevik** fyller krava for opprykk til professor etter kompetanse i fagområdet allmennmedisin i samsvar med Forskrift av 09.02.2006 nr. 129 § 2-1, nr.1 og på bakgrunn av vurdering frå sakkunnig nemnd og tildeler han tittel og lønn som professor med verknad frå 15.09.2013.

07.10.2013 /ANB

Vedlegg:
Søknad om opprykk til professor etter kompetanse frå Gunnar Tschudi Bondevik
Stadfesting frå Institutt for global helse og samfunnsmedisin datert 28.08.13
Vurdering frå sakkunnig nemnd datert 21.05.2013